

Reguleringsplan for Hydla 3

Planomtale, rev. A: 31.10.2017

a-vista

14.07.2017



Denne planen viser 25 fritidstomter på Hydlamyrane i Stryn kommune. Feltet grensar til viktige turløyper i Stryn, og rekreasjonsinteressene har hatt fokus i planarbeidet. Hyttefeltet er vist i gjeldende kommuneplan for området, og planen er utarbeida i samsvar med overordna plan. Planarealet er på totalt 110 Daa.

Utarbeida av :	a-vista, Pb 78, Perhusvegen 29, 6782 Stryn	Inger Langvik post@a-vista.no 48284874	Åse Bergset post@3dsmia.no 99578922
Oppdragsgjever/ tiltakshavar:	Hydla AS, 6781 Stryn	Otto Vik post@hydla.no 91621287	

Plandokument	Dato	Revisjon
Planomtale (dette dokumentet)	10.06.2017	A: 31.10.17
Føresegner	10.06.2017	A: 31.10.17
Plankart	14.07.2017	
Vedlegg 1, Vegplan	14.07.2017	
Vedlegg 2, Avrenning	10.06.2017	
Vedlegg 3, NGI, Teknisk notat, Skredfarevurdering for Hydla 3 og 4	13.04.2017	
Vedlegg 4, Kopi av oppstartsvarsel, og adresseliste		
Vedlegg 5, Sjekkliste ROS	10.06.2017	
Vedlegg 6, Utslepp av CO ²	31.10.2017	


Innhold

1	Bakgrunn og mål.....	2
2	Prosess og medverknad.....	2
3	Planstatus og rammer for planarbeidet	3
3.1	Kommunedelplan for området.....	3
3.2	Om krav til KU og planprogram (pbl og KU-forskrifta)	3
3.3	Tilgrensande reguleringsplanar	3
4	Planområdet i dag	4
4.1	Landskap og vegetasjon	4
4.2	Eksisterande bygg og anlegg, infrastruktur	4
4.3	Grønstruktur og rekreasjonsinteressene	4
4.4	Kulturminner og sjeldne biotopar	5
4.5	Eigedomsforhold i området.....	5
5	Skildring av planframlegget	5
5.1	Arealdisponering	6
5.2	Fritidsbustader	6
5.2.1	Byggeskikk	6
5.3	Vegareal og teknisk infrastruktur	6
5.4	Overvatn og skredfare	7
5.5	Friluftareal, uteoppfaldsareal, LNF og turveg	8
6	Verknader av planframlegget.....	8

6.1	Naturmangfaldlova, kap. 2, biologisk mangfald	8
6.2	CO ² -utslepp ved graving i myr	8
6.3	Born og unge	8
6.4	Friluftsliv og folkehelse.....	9
6.5	Landbruk.....	9
6.6	Kulturminner	9
6.7	Bøtande tiltak	9
7	Samfunnstryggleik og beredskap, ROS.....	9
7.1	Naturfarar	10
7.2	Storbrann.....	11
7.3	Trafikkulykker	11
7.4	Problem med utrykking	11
7.5	Bøtande tiltak	11
8	Innkomne merknader til melding om oppstart.....	11

1 Bakgrunn og mål

Hydla AS har forretningsadresse i Stryn og driv med eigedomsutvikling og byggeleing. Firmaet har tidlegare regulert og delvis bygd ut Hydla 1 og Hydla 2, og no ønskjer tiltakshavar å legge til rette for ytterlegare 25 tomter på Hydla myrane.



Figur 1. Oversiktskart som viser planområdet nord for Stryn sentrum.

2 Prosess og medverknad

Oppstartmøte med Stryn kommune	26.10.2016
Annonsering i Fjordingen og melding om oppstart til naboar og instansar	11.11.2016
Frist for innspel	01.03.2017
Gjennomført arkeologisk registrering (Sogn og Fjordane fylkeskommune)	våren 2017
Gjennomført skredfarevurdering (NGI)	våren 2017


Alle naboar har fått melding om planarbeidet i brev, og alle plandokumenter er utlagde på Stryn kommune si heimeside. Alle dokumenter er utarbeida med tanke på universell utforming ved at formateringane er standardisert.

3 Planstatus og rammer for planarbeidet

Tiltakshavar eig gnr/bnr 46/113, og heile planarealet ligg innanfor eigedomen. Reguleringsplanen er utarbeida i samsvar med gjeldande lovverk, der særskilt Plan og bygningslova, Lov om kulturminne og Naturmangfaldlova er viktige i denne planprosessen.

3.1 Kommunedelplan for området

Reguleringsplanen er i all hovudsak utarbeida i samsvar med *Kommunedelplan for Bøasetra-Ullsheim* (PlanID 2013KP01, heretter KDP). Unnataket er at i KDP er tilkomsten til feltet vist frå sør



Figur 2. Plangrensa (blå) over KDP for området. Grensa for hyttefeltene F032, F014 og F015 (frå KDP) er viste på figuren.

(over gnr/bnr 47/43). Tiltakshavar har diskutert tilkomsten med Stryn kommune, og fått aksept for at tilkomsten skal gå via etablert vegsystem i hyttefeltet Hydla 2. Den gamle Kyrkjeråsa mellom Markane og Nedstryn går innanfor planområdet (lengst sør på planen). I KDP er det sett av omsynssone (570 11) kring Kyrkjeråsa, og areala rundt byggeområda er viste som LNF-område. Plangrensa til reguleringsplanen for Hydla 3 sluttar kring heile F032, og delar av F014 og F015 som alle er definerte som utbyggingsområde/fritidsbustadar i KDP (fig. over). Hydla AS skal bygge ut feltet i samsvar med Stryn kommune si VA-norm og Overvassnorm.

3.2 Om krav til KU og planprogram (pbl og KU-forskrifta)

Reguleringsplanen er utarbeida i samsvar med overordna plan, og byggeområda vart utgreia i prosessen med KDP. Dermed utløyser ikkje denne reguleringsplanen krav om konsekvensutgreiing etter KU-forskrifta eller pbl § 3, - og heller ikkje planprogram etter pbl § 4-1. Stryn kommune har stadfesta dette synet i oppstartmøtet.


3.3 Tilgrensande reguleringsplanar

Reguleringsplanen grensar til *Reguleringsplan for Hydla 2* (PlanID 20100011) og overlappar denne litt for å vise tilknytning til eksisterande vegnett i Hydla 2. *Reguleringsplan for utviding av Hydla 2* (PlanID 2014003) grensar også til planen.

Planområdet omfattar delar av *Områderegulering for Tonningsleirane –Ullsheim sti- og løypenett* (PlanID 2013004).

4 Planområdet i dag

Planområdet for Hydla 3 ligg om lag 1 km vest for Vikaelva og Stryn Skisenter (sjå figur under), og like sør/vest for Hydla 1 og Hydla 2 der det er regulert 114 tomter.



Figur 3. Planområdet vest for Stryn Skisenter (Kjelde: Ebyggweb)

4.1 Landskap og vegetasjon

Terrenget på Hydlamyrane (Hydla 1, 2 og 3) er generelt svakt hellande mot sør/aust, og myrlendt med tørre knausar og fjell i dagen mellom myrane.

Hydla 3 ligg mellom 350 og 400 meter over havet. Også her hallar terrenget mot søraust, og i øvre delen av feltet er tomtene omkransa av høgdedrag på begge sider, der Kyrkjeråsa går oppe på høgda i sør/aust, og turvegen til Ullsheim ligg på høgda i nord/aust. Lengst sør/aust i hyttefeltet opnar terrenget seg opp i ei tilnærma flat myr, med berre litt stigning til turvegane på kvar side. Lågt i terrenget, -om lag midt i feltet, renn det ein liten bekk.

Vegetasjonen i feltet består av opne myrar, med noko spreidd furu på dei tørrare knausane i spedd litt lauvskog.

4.2 Eksisterande bygg og anlegg, infrastruktur

Tilkomsten til hyttefeltet rundt skisenteret går langs kommunal veg (Sætrevegen) gjennom bustadfeltet i Tønningbakkane til Stryn skisenter. Frå skisenteret er det etablert private vegar gjennom Hydla 1 og Hydla 2 og fram til plangrensa for Hydla 3. Det er trekt fram straum, vatn og avløp til Hydla 2. Ved skisenteret er det etablert hente punkt for renovasjon for hytteeigedomane i området.

4.3 Grønstruktur og rekreasjonsinteressene


Området er eit populært rekreasjonsområde både for hytteeigarane og for innbyggjarane i Stryn. Det er etablert fleire skiløyper og turløyper i området, og ei av dei viktigaste turløypene går mellom skisenteret og Ullsheim. Kyrkjeråsa som går sør for Hydla 3 (sjå figur under) er mindre nytta.

4.4 Kulturminne og sjeldne biotopar

Det er ingen Sefrak-bygg, registrerte kulturminne eller sjeldne biotopar innanfor plangrensa eller i nærleiken. Den gamle Kyrkjeråsa mellom Markane og Nedstryn kyrkje har historisk verdi. Fylkeskommunen varsla krav om arkeologiske registreringar kring Kyrkjeråsa i desember 2016, og planområdet var undersøkt ved gjennomføring av ei overflateregistrering våren 2017, utan at automatisk freda kulturminne vart påvist.


4.5 Eigedomsforhold i området

Hydla AS eig all grunn innanfor plangrensa, og også uselde tomter innanfor Hydla 2. Tilkomsten til Hydla 3 skal gå gjennom Hydla 2, og dette vil få konsekvensar for 2 selde tomter i Hydla 2 (gnr/bnr 46/215 og 46/197).



Figur 4. Planområdet ligg på gnr/bnr 46/113, mellom Kyrkjeråsa og turveg mot Ullsheim.

5 Skildring av planframlegget



Figur 5. Figur som viser reguleringsplanen.

5.1 Arealdisponering

Reguleringsformål	Areal
Fritidsbustadar	28756 m ²
Vegareal	5604 m ²
Annan veggrunn/kulvert	(50 m ² under grunnen)
Uteopphaldareal	2902 m ²
Trase for overvatn	2115 m ²
Turveg	22707 m ²
Friluftsområde	54310 m ²
Totalt	117000 m ² (avrunda)

Fig. 6. Tabellen over viser arealdisponeringa innanfor plangrensa.

5.2 Fritidsbustader

Planen viser 25 tomter med storleik på om lag 1 Daa. Utbyggingsområdet er avgrensa i KDP, der også talet tomter er sett til maksimalt 1 tomt per 2 Daa. På reguleringsplanen ligg alle tomtene innanfor området F032 i KDP. Men plangrensa omfattar også delar av F014 og F015, sjå figur 2.

Utbyggingsområdet innanfor plangrensa er på totalt 50,111 Daa, og fordelar seg slik:

F032: 39,663 Daa

F015: 2,197 Daa

F014: 8,251 Daa

25 tomter samsvarar dermed med maksimalt tal tomter sidan byggeområdet (i KDP) innanfor plangrensa er på over 50 Daa. Elles er følgjande lagt til grunn for tomteinndeling:

- god avrenning i feltet og på tomtene
- ei «flate» til å bygge på om lag midt på tomta
- arealutnytting i feltet
- skjerming i høve til nabotomter og frå vegen
- solgang/utsikt
- gode fellesareal (/uteopphaldsareal)

Grunneigar/tiltakshavar ønskjer tomteinndeling som medfører at ein kan bygge ut hyttene utan store arronderingar på tomtene. Hytteplasseringane er kontrollerte i terrenget, og det er sett ned stikke på kvar tomt som indikerer hytteplasseringa. Reguleringsplanen viser byggegrense med 4 meter avstand til tomtetreiser, og dermed minimum 8 meter mellom framtidige hytter. Føresegnene avgrensar utnyttingsgraden på tomtene til 25% BRA. Det er ikkje særskilde krav (TEK 10) til universell utforming i hyttefelt, men terrenget ligg til rette for universell utforming dersom hytteeigar ønskjer det.

5.2.1 Byggeskikk

Hydla AS har lagt vekt på estetikk ved utbygging av Hydla 1 og 2, og ønskjer same føringane for Hydla 3. Føresegnene stiller krav til utforming og plassering av hyttene, samt materialbruk og fargar (sjå føresegner §2).

5.3 Vegareal og teknisk infrastruktur

Hydla 3 ligg sør om turvegen til Ullsheim, og i samråd med Stryn kommune viser reguleringsplanen tilkomst til Hydla 3 i kulvert *under* turveg til Ullsheim (sjå vedlagd vegplan). Valet av trase for vegen

er grunna i utbyggingskostnadane. Traseen som er vist i KDP ville medføre at tiltakshavar måtte bygge ein lenger tilkomstveg fram til feltet.

Løysinga med skiløype over tilkomsten er valt fordi turvegen fungerer som skiløype om vinteren, og prepareringsmaskina er for brei til å gå gjennom kulverten. Løypa skal byggast opp og ned frå eksisterande terreng (/turveg) over ein total distanse på om lag 65 meter før og etter kulverten. Fyllinga/skråningane skal jamnast ut med helling på om lag 1:4 og tilbakefyllast med vegetasjonsdekke, slik at arronderinga vert mindre synleg over tid. Stigningsforhold og terrengtilpassing er vist på vedlagd vegplan.

Vegplanen viser tilkomststar (veg 1, 2 og 3) med breidde på 4 meter + 2x 0,25 meter skulder, og med maksimal stigning 1:10. Det er sett av 7 meter til regulert vegareal for å få plass til gode grøfter, og med tanke på snø-opplag. I enden av veg 1 er det rundkøyring for å lette anleggsarbeidet, og veg 3 har snuhammar. Vi har gjennomført målingar i terrenget med GPS, og justert trasear og tomte-inndelinga med tanke på å finne jamn stigning på vegane, etablere god avrenning for overvatn i feltet, samt å minimalisere lengda med vegar og grøfter. Likevel måtte vi planlegge for to parallelle vegar (og VA-grøfter) då vi ikkje ønskjer å krysse bekken meir enn ein gong med infrastrukturen.

Stryn kommune er framtidig eigar av leidningsnett, og utbygging av vatn og avløpsnett skal samsvare med kommunale normer (sjå føresegner, kapittel 3). Lokal områdekonsesjonær er Stryn energi, og det skal leggjast til rette for trekking av fiber til alle tomtane. Føresegnene stiller krav om at det skal opparbeidast minst 2 parkeringsplassar på kvar tomt.

5.4 Overvatn og skredfare

Tiltakshavar har hatt stort fokus på overvatn ved etablering av infrastruktur i Hydla 1 og 2, og det ligg også ein gjennomtenkt plan til grunn for dette reguleringsforslaget. Nedbørsfelta frå nord blir avskorne av turvegen til Ullsheim med grøfter. Men bekken gjennom Hydla 3 kan teoretisk sett fryse til og fløyme over.



Figur 7: Tiltakshavar har stort fokus på å sikre bekkane innanfor heile Hydla. Fotoet er frå Hydla 2.

For å sikre tomteareala mot overfløyning skal grova senkast i terrenget mellom tomt 132 og tomt 119. Dette sikrar godt fall i den flataste myra, og bekken skal plastrast slik at løpet vert definert og avgrensa langs vegen. Det er sett av 7 meter (trase for overvatn) til bekken langs vegarealet.

5.5 Friluftssareal, uteopphaldsareal, LNF og turveg

Planen viser 5 felles uteopphaldsareal i hyttefeltet, og hytteforeininga får ansvar for å opparbeide desse og drifte dei. Det er vist fleire grønne korridorar frå hyttefeltet og ut i turterrenget rundt. Turvegen mot Ullsheim og Kyrkjeråsa er viste som turdrag, med avgrensing som i gjeldande områderegulering (Ullsheim) og omsynssona i KDP (Kyrkjeråsa).

6 Verknader av planframlegget

6.1 Naturmangfaldlova, kap. 2, biologisk mangfald

Vurderingane i dette kapittelet er baserte på prinsippa i Naturmangfaldlova kapittel 2. Myr kan vere tilhaldsstad for verdifull biotopar, men det er ikkje registrert verdifulle naturtypar eller artar av nasjonal forvaltningsinteresse innanfor området. (Miljødirektoratet sine kart; <http://kart.naturbase.no/>). Miljødirektoratet sine kart viser heller ikkje svartelista artar innanfor området. På bakgrunn av vurderingane over meiner vi at planen ikkje vil påverke naturmangfaldet negativt i vesentleg grad.

6.2 CO²-utslepp ved graving i myr

Realisering av planen vil medføre omgraving av myr, og dermed utslepp av CO². Kart som viser myrområde, vedlegg 6.

Karbonmengder i byggeområde Hydla III

Byggeomr.	Torvdjupn m	Snitt m	Areal m ²	Torv m ³	Karboninnhald i tonn	
					t/m ³ . 0,029	t/m ³ . 0,089
Areal A	(0,7-0,9)	0,8	8250	6600	191,4	587,4
Areal B	(0,5-0,7)	0,6	4350	2610	75,7	232,3
Areal C	(0,3-0,5)	0,4	16100	6440	186,8	573,2
Areal D	(0,1-0,3)	0,2	8750	1750	50,8	155,8
Sum			37450	17400	504,6	1548,6
					CO₂ 1851,9	CO₂ 5683,4

Karbon i godt omdanna torv

89 kg/m³.

Karbon i lite omdanna torv

29 kg/m³.

6.3 Born og unge

Infrastrukturen i feltet viser tilknytning til friluftsområde for alle tomtene, og det er kort veg til turløyper, skianlegg og felles leikeplassar. Nærområda er skog og fjellområde med utmerka forhold

for leik og uteaktivitetar. Planen medfører ikkje at viktige rekreasjonsområde vert beslaglagde. Innanfor feltet er det sett av 5 areal til felles uteopphald, og her kan det etablerast leikeplassar dersom hytteforeininga ønskjer det.

6.4 Friluftsliv og folkehelse

Tilkomsten til feltet kryssar turvegen til Ullsheim, som er mykje nytta heile året, gjennom ein kulvert. Turvegen vil få brattare stigning (enn i dag) aust for kryssinga, opp på kulverten, og bli flatare vest for stigninga. Den må hevast (/senkast) over ein total distanse på om lag 65 meter. På kort sikt vil anleggsarbeidet verte synleg, og redusere kvalitetane til turvegen. Det er viktig at turvegen og kullverten får god terrengtilpassing med tanke på turvegen sine kvalitetar, og med tanke på utsikta frå dei næraste tomtene. Dette skal sikrast ved at ein brukar stadlege massar og fyller tilbake på skråningane, og at skråningane vert jamna ut (sjå vedlagde detaljplan for kulvert). Skiløypa vert 8 meter brei, og tilpassa prepareringsutstyr. Det skal monterast rekkverk oppe på kulverten, og så langt ut på sidene som det er nødvendig.

Utbygging av tomtene vil ikkje redusere kvalitetane for turvegane nemneverdig. Det er god avstand mellom tomter og turvegar (i samsvar med KDP/områderegulering). Truleg vil hyttebygging her medføre at fleire nyttar Kyrkjeråsa, som er «vanskeleg å finne» på enkelte strekker sidan den sjeldan er brukt.

6.5 Landbruk

Arealet er ikkje nytta til beiting eller anna landbruk, bortsett frå noko uttak av skog. Tiltakshavar har inngått avtale med nærliggande grunneigarar angående fråfall av beiterett.

6.6 Kulturminne

Det er ingen registrerte verneverdige kulturminne i, eller i nærleiken av feltet. Kyrkjeråsa har historisk verdi, men vert ikkje rørt av utbygginga. Hyttefeltet kan bidra til at Kyrkjeråsa vert meir nytta som turveg i framtida.

6.7 Bøtande tiltak

Vedlagd vegplan viser kryssing av turvegen mot Ullsheim med god utjamning av terrenget for å redusere dei visuelle verknadane av at løypa blir heva (over tilkomstvegen).

7 Samfunnstryggleik og beredskap, ROS

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har utarbeida ei eiga sjekkliste for ROS-analyse, og denne ligg vedlagt planen. I tillegg er det teke utgangspunkt i Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) si opplisting av tema i rettleiaren *Samfunnssikkerhet i arealplanlegging*, og analysert dei temaa som er relevante for denne planen.

Matrisa under viser korleis vurderingane i ROS-analysen er rangerte, ved at sannsynet for at ei hending skal oppstå er sett opp mot graden av konsekvensar. Risikograden er delt i 3:

- raud farge indikerer uakseptabel risiko, og tiltak må setjast i verk
- gul farge medfører behov for å vurdere avbøtande tiltak
- grønt betyr at risikoen er svært liten og akseptabel

Kvart enkelt vurderingstema er representert i matrisa med kapittelnummer.

Konsekvens	Ufarleg	Ein viss fare	Kritisk	Farleg	Katastrofalt
Sannsyn					
Usannsynleg	7.3	7.2	7.4		
Lite sannsynleg					
sannsynleg		7.1			
Svært sannsynleg					

Figur 8: Risikomatrise som viser konsekvensar, og sjansen for at ei hending opptre.

7.1 Naturfarar

NGI har gjennomført ei skredfarevurdering i feltet våren 2017, og konkluderer med at feltet oppfyller Pbl. sine krav til tryggleik mot skred i klasse S1, S2 og S3 føresett at det vert teke omsyn til lokale tilhøve (skrentar og forseinkingar i terrenget) på byggesaksnivå. (*Teknisk notat, Skredfarevurdering for Hydla 3 og 4*). Det er berre ein skrent innanfor plangrensa til Hydla 3, og den er omlag ein meter høg.

Nedbørsfeltet her er lite sidan turvegen mot Ullsheim, - og høgda den ligg på i terrenget, naturleg vil drenere bort alt vatn frå nord. I sør går Kyrkjeråsa på eit lite høgdedrag langs hyttefeltet og avgrensar det meste av overvatn frå sør. Dermed er det berre frå vest det kan kome større mengder vatn inn i feltet eller i bekken, men her er nedbørsfeltet også svært lite (sjå figur under). I følge Klimaprofil for Sogn og Fjordan (Klimaservicesenteret 2016), kap. 5, må ein rekne med minimum 40% auka nedbør i forhold til normalen. Bekken gjennom feltet har lite fall på eit strekke mellom tomt 119 og 132, og det er ein risiko for at den kan fryse til og fløyme over i dette området.



Figur 9. Terrengforma i planområdet.

Feltet er ikkje særskilt utsett for vind, då det ligg relativt skjerma i ei lita skål i terrenget. Det er ikkje registrert høge verdier av radon innanfor Hydlamyran.

7.2 Storbrann

Hyttfeltet skal knytast til kommunalt vatn, og Brannsjefen i Stryn kommune har bekrefta at feltet får akseptabel sløkkekapasitet (Sjå vedlegg, uttale frå brannsjefen i Stryn kommune datert 30.10.17). Feltet har relativt store tomter med minimum 8 meter mellom byggegrenser. Feltet er heller ikkje særskilt utsett for skogbrann sidan terrenget er myrlendt.

7.3 Trafikkulykker

Det er minimalt med trafikk i feltet, som også er oversiktleg, og det er 50-sone i tettbygd strøk.

7.4 Problem med utrykking

Sjukebil og brannbil har om lag 15 minutts køyretid frå Stryn sentrum. Vegen i hyttfeltet skal brøyttast jamt slik som i Hydla 1 og 2 slik at utrykkingsbilane kan kome fram. Kulverten er tilpassa utrykkingskøyretøy.

7.5 Bøtande tiltak

Planen legg opp til at grova skal senkast i nedste kant av den flataste myra i feltet (mellom tomt 119 og tomt 132), og dessutan plastrast med grov stein for å sikre bekkeløpet. Desse tiltaka vil sikre hyttetomtene og infrastrukturen mot isgang, erosjon og flaum, også ved ekstrem nedbør.

ROS-analysen er utarbeida av Åse Bergset, 10. juni 2017, revidert 30. oktober.

8 Innkomne merknader til melding om oppstart

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

- A) Minner om at myr bind karbon, og ønskjer at vi estimerer i kva grad realisering av planen vil påvirke framtidig lagringskapasitet, og utslepp av karbon, og viser til Bioforsk- og NTNU-rapport (ang. myr).
- B) Viser til og fylkesmannen sitt brev ang. plan og dispensasjonssaker, samt Fylkesmannen sine generelle merknader til oppstart av planarbeid.
- C) Påpeiker at KDP har retningslinje om felles reguleringsplan for F014, F015 og F32.

Vår kommentar:

- A) Metoden som er omtalt i NTNU sin rapport føreset at vi kjenner til i kva grad myra søkk etter drenering. Det er vanskeleg å estimere, og vi har ikkje rekna på reduksjonen i lagring av karbon eller auken i karbonutslepp som følgje av utbygginga. Men tiltakshavar meiner myra har ei gjennomsnitt djupne på 0,7 meter under vegen, -der den truleg er på det djupaste. *(Forholdet er også kommentert i 1. høyringsrunde. Planomtalen er korrigert i tråd med denne uttalen og det er utført utrekning av frigjering av karbon. Sjå resultat i vedlegg 6)*
- B) Teke til etterretning.
- C) Tiltakshavar har avtalt plangrensa i drøftingar med Stryn kommune.

Sogn og Fjordane fylkeskommune

A Presiserer at utbyggingsområda må ha avstand til Kyrkjeråsa, og at planen ikkje kan vedtakast i kommunen før konklusjonane frå fylkeskommunen etter kulturminneregistreringane.

B Viser til føresegnene i KDP der det er stilt krav om at tilkomsten til feltet skal krysse Kyrkjeråsa på ein skånsam måte, og slik at gåande på Kyrkjeråsa enkelt kan krysse tilkomsten.

Vår kommentar:

A Stryn kommune gjennomførte synfaring kring Kyrkjeråsa i samband med KDP, og måla då inn punkt som avgrensa byggeområda og omsynssone rundt Kyrkjeråsa. Det var ikkje heilt samsvar mellom grensa for byggeområda og grensa for omsynssona. Vi løyste dette ved å bruke den grensa som var nærast tomtene, og trekte i frå ytterlegare 20 cm. Kyrkjeråsa er regulert til turveg. Kulturminneregistreringa resulterte ikkje i funn.

B I samråd med Stryn kommune er det bestemt at tilkomsten til feltet skal gå via Hydla 2. Ergo vil ikkje tilkomsten krysse Kyrkjeråsa, men den vil krysse under turvegen mot Ullsheim i ein kulvert. Tiltakshavar har avtalt med kommunen korleis kryssinga skal utformast. Mellom anna at turvegen/skiløypa skal gå over tilkomsten på ei rampe, slik at skiløypa kan driftast normalt, og for å gjere kryssinga mest mogeleg tilpassa terrenget. Turgåarane vil derfor ikkje bli uroa av kryssande trafikk. Rampa skal utformast med god tilpassing til terrenget, og med fyllingar /vegetasjonsdekke inn mot kulverten slik at den glir godt inn i terrenget. Over kulverten skal turvegen ha rekkverk.

NVE

Syner til sjekkliste på NVE sine heimesider samt NGI sin rapport *Skredfarevurdering i Hydla 2* (2013).

Vår kommentar:

Vi har brukt Fylkesmannen si sjekkliste. NGI sin rapport er vurdert og omtalt i planomtala kap. 5.4 og 7.1.

Jan Træen

Påpeikar at (det første) oppstartsvarelet var motstridande angående lokalisering av planområdet. Og minner om at vi bør samrå oss med Stryn Energi angående kabeltrasear og transformator i feltet.

Vår kommentar:

Vi har sendt ut nytt oppstartvarsel med korrekte kart. Tiltakshavar har kommunisert med Stryn Energi angående infrastruktur i feltet.

Jostein Sundgot

Klagar på at tilkomsten til Hydla 3 går forbi hyttetomta han har kjøpt (nr. 55), og meiner vegen kjem for nære hytta han har bygd. Sundgot skisserer opp to alternative vegføringar som han meiner er betre.

Vår kommentar:

Otto Vik har avtalt ei alternativ løysing med Sundgot, som medfører at vegen vert lagd i litt større avstand frå tomt 55. Det skal også etablerast ein liten voll mot tomtene 111 og 112 for å skjerme dei mot sjenerande billys.